



GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 6

Desember 2019 70. årgang



INNHALD

Min salme	2
Julebetraktning	3
Den gong då	3
Om me reise - Camilla Lou	4-5
Håndfast - dikt	5
Babysang på Gol	6

Trusopplæringa	6
Nye sokneråd	7
Reisetankar frå Nepal	8-9
Møte med barn og unge i sorg ...	8-9
Kunngjeringar	10
Gudstenester	11
Julekaketips	12

MIN SALME

GUDRUN BØTHUN



Gudrun Bøthun er pensjonert lærar og logoped. I kyrkja har ho frå tid til annan gjort teneste som tekstlesar.

Ho seier det slik om salmevalet sitt:

- Eg vel ein kjend julesalme av Elias Blix, «Kling no, klokka!» Rytmen i teksten er nær opp til klangen i kyrkjeklokkene, som kimer frå «tusund tårn» (som det står i originalteksten). Teksten gir, som i alle Blix sine salmar, lys stemning og glede. Salmen er skriven i 1889. Det er to tonar, ein velkjend salmetone av den danske 1700-talskomponisten M. Halle. Og ein folketone frå Oppdal. Personleg tykkjer eg klangen kjem best fram med folketonen.

TEKST: KJELL SLÅTTEN FOTO: O.J. BØTHUN

*Kling no, klokka! Ring og lokka, ring og lokka
frå tusen tårn. Tona om frelsa kalla og helsa,
kalla og helsa med fred Guds born. Kling no,
klokka. Ring og lokka, ring og lokka frå tusen
tårn.*

*Songar sæle, englemæle, englemæle med
livsæl ljod! Far gjennom grender, strøym over
strender, strøym over strender som toneflood.
Songar sæle, englemæle, englemæle med
livsæl ljod!*

*Englar kveda: Høyr den gleda, høyr den
gleda som her er hend! Ljoset er runne, liver
er vunne, livet er vunne: ein Frelsar send.
Englar kveda. Høyr den gleda, høyr den
gleda som her er hend!*

*Sæle stunder, store under, store under og
løyndoms skatt! Møyi vart moder, Gud vart
vår broder, Gud vart vår broder i jolenatt.
Sæle stunder, store under, store under og
løyndoms skatt.*

*Barn er bore. Barnekåret, barnekåret ved det
me vann, Anden no føder oss til hans brøder,
oss til hans brøder, Guds born som han.
Barn er bore. Barnekåret, barnekåret ved
det me vann.*

*Sjå, det dagast, snart det lagast, snart det
lagast til høgtid ny! Då skal oss klokka lei-
kande lokka, leikande lokka til helg i sky. Sjå
det dagast, snart det lagast, snart det lagast
til høgtid ny.*

- Elias Blix var salmediktar, teologisk professor og statsråd. Han var fødd i Gildeskål i Nordland, og kom frå svært små kår. Far hans døydd da Elias var 2 år. Det var tidleg klart at Elias var ein gåverik gut. Mor hans hadde vel òg over middels gode evner. Ho hjalp han med å få tak i lesnad som ho vona ville hjelpe han til å velje det beste i livet, religiøs lesnad, og dei to hadde stor glede av å samtale om det dei las. Mor tenkte vel at dette ville gi han ein bra ballast når han skulle velje retning i livet sitt. Kor langt han skulle komme, var det knapt nokon i heimbygda som såg føre seg. Etter mykje slit, og ein del hjelp og støtte, skulle han bli ein av dei mest lærde teologar i landet. Han vart doktor og professor i hebraisk på Universitetet i Kristiania i 1879, der særkompetansen hans var samanliknande språkvitskap innan semittiske språkvarianter. Samtidig skreiv denne sprenglærde teologen salmar med det lysaste og gladaste innhald, og med ein folkeleg og rein språkleg stil. Om Bjørnson skreiv fedrelandssongen, så var det Blix som skreiv fedrelandssalmen. Den nordnorske fedrelandssongen, «Å, eg veit meg ei land», er det òg Blix som har skrive.

God jul!

*Gudrun sender utfordringa med å
velje salme vidare til Helge Feet.*

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 6 nummer i året
Utgjevar: Kyrkja i Gol, Hemsedal og Herad
Redaksjon: Kjell Slåtten, Sølvi Larsen Aalrust (red.), Gunnar Rudningen, Hilde Moe Hillestad, Kristine Viko, Ludvig Munkejord.

Ekspedisjon: Kyrkjekontoret 3550 Gol
Kasserar: Arne Oddmund Tuv, 3560 Hemsedal.
Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal 2367.60.00097
E-post: oalrust@online.no

GOL, HERAD OG HEMSEDAL

GOL KYRKJEKONTOR

Ekspedisjonstid månd – fredag 9.00–15.00
Gol kommunehus 3. etg. Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no www.gol.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Anne Gerd Jorde
Dir.tlf. 32 02 91 35 • Mobil: 971 58 134
anne.gerd.jorde@gol.kommune.no
fri onsdagar

Diakon: Martha Frøyland Bleiktvædt
Dir.tlf. 32 02 91 38 • Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

Organist: Justin Vickery
Tlf. 474 75 580
justin.vickery@gol.kommune.no
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00

Sekretær: Thorunn Haugo
Tlf: 32 02 91 39
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no
Kontortid: annakvar måndag, kvar tirsdag,
onsdag og torsdag

Kyrkjetenarar:

Ludvig Munkejord Tlf.: 911 22 763
Knut Ole Klepp Tlf.: 906 58 761

Trusopplærar for Gol og Hemsedal:

Britt Marie Haraldset Hafsås
Tlf. 951 22 136
britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Ekspedisjonstid månd – torsdag 9.00–15.00
fredag 9.00–12.00

Hemsedal kommunehus Tlf. 31 40 88 45
kyrkjekontoret@hemsedal.kommune.no
www.hemsedal.kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Kjetil Th. Storebråten
Kontortid: Måndag–tors: 9.00–15.00
fre: 9.00–12.00
Tlf: 31 40 88 45 Mob: 908 21 745
kjetil@hemsedal.kommune.no

Sokneprest: Ruth Kari Sørumshagen
Mobil: 986 26 436
ruth.kari.sorumshagen@hemsedal.kommune.no

Kantor: Peter Rødel
Tlf: 950 49 045
kape10@hotmail.no

Kyrkjetenar: Wilfried Westera
Tlf. 971 09 922
wilfriedwestera@live.nl

Gravplassen: Hans Vidar Sørensen
Tlf: 911 76 827

Sokneråda:
Gol og Herad: Leiar - Gunn Astrid Frøysok
Tlf. 990 34 376

Hemsedal: Leiar - Håvard Venås
Tlf. 908 42 422

Fellesråda:
Gol: Leiar - Gunn Astrid Frøysok
Tlf. 990 34 376

Hemsedal: Leiar - Håvard Venås
Tlf. 908 42 422

Ynskjer du å gje ei gåve til kyrkja:

Hemsedal: 2367.20.49482
Gol: 2324.20.01354
Herad: 2324.62.05795



Endelig hjemme

Det er krevende å være på flyttefot. Å skulle bryte opp fra det kjente og vante, bla gjennom boligannonser og gå på visninger, og hele tiden lure på om man vil trives på det nye stedet. Vil barna finne venner, og vil vi etter hvert kunne føle oss hjemme?

Mange kjenner seg hjemløse, selv om huset man bor i er aldri så velinnredet og påkostet. Det kan handle om brutte relasjoner eller en følelse av utenforskap i egen familie eller vennekrets, eller en lengsel etter fellesskap og tilhørighet.

Juleevangeliet forteller om en boligsøkende Gud, en Gud som søker fellesskap. I den totusenårige beretningen fra Lukasevangeliet hører vi at det «var ikke husrom for dem», og derfor ble Guds Sønn født i en stall og svøpt og lagt i en krybbe. Og i Juledagens evangelium står det at «han kom til sitt eget, og hans egne tok ikke imot ham». Han fikk en miserabel mottakelse.

Men det er slik Gud gjør sin entré i verden. Han gjør det enkleste rom til et hellig sted. Denne fortellingen har

gitt håp og trøst til mange hjemløse og tent lys i mørket for millioner av redde og ensomme mennesker under ulike himmelstrøk.

Det var ikke i kongens palass vismennene fant det nyfødte barnet. Gud var ikke å finne der det kanskje var mest nærliggende å lete. Han kommer til oss som en uventet gjest. I den greske teksten til Johannesevangeliet står det at Ordet «slo opp sitt telt» hos oss.

Om det var denne julen han ble født, måtte vi kanskje lete etter ham i en av de mange flyktningeleirene. I et telt blant de mange millionene som leter etter en bolig i eget land, eller blant de mange som fortvilet har lagt ut på en farefull ferd mot en ny framtid.

Både hos Lukas og Johannes er det himmelens og jordens skaper det fortelles om. Gjeterne opplevde at himmelens herlighet lyste om dem, og englene forkynte en stor glede for hele folket. En frelser var født, og tegnet var et barn som var svøpt og lå i en krybbe. I en verden fylt av hat og krig og angst og nød, blir Gud en av oss. Han søker fellesskap med oss

ANDAKT

BISKOP JAN OTTO MYRSETH



mennesker akkurat slik vi har det. Med mennesker i uro og på flukt vil Gud dele telt.

Han leter ikke etter pent møblerte hjem, for selv de luneste hjem kan mangle hjertevarme. Også velfylte boliger kan være preget av tomhet. Men Gud ser vår nød og kjenner vår lengsel. Ingen adresse er for dårlig eller for fin for Jesus.

Selv i de enkleste hjem er det plass nok for Gud. Han vil være til stede med lys og varme. Der han finner hjerterom, tar han bolig. Juleevangeliet handler om å tro og ta imot. Når Gud får bo i våre hjerter, da er vår lengsel endelig hjemme. Da har vår tro funnet sin skatt.

Den gong då...

Per Arne Dahl var biskop i Tunsberg frå 2014 til hausten 2018. I november 2015 var han på visitas i Hallingdal.

Biskopen var på ei rekkje ulike besøk og arrangement, i og utanfor kyrkja. I Gol deltok han mellom anna på songstund for menneske med nedsett funksjonsevne, der han raskt fann tonen med Anders Stake.

TILBAKEBLIKK: **KJELL SLÅTTEN**



Biskop Per Arne Dahl og Anders Stake fann tonen. Foto: Ingrid Økesveen.

Om me reise

Camilla Lou med plateslepp på Gol bedehus

Det er ikkje ofte det er konsertar som er ein del av ein platesleppturne på Gol Bedehus.

Men i slutten av oktober kom Camilla Louise Skredderberget Økland med bandet sitt Camilla Lou til Gol med den fyrste plata til bandet. Nokon har sikkert høyrte henne synge på NRK Buskerud som har spela låta Glansbilde og No må du gje deg, jamnt og trutt. Men no er eit heilt album klart.

Plata har fått tittelen: Om me reise.

Syng på dialekt

Denne låta var starten på bandet mitt seier Camilla Lou. Camilla er oppvaksen på Gol, og tekstane på plata syng ho på hallingdialekt sjølv om ho til dagleg pratar meir bokmål. Grunnen til at eg

brukar dialekta er at eg oppdaga at det er hjertespråket mitt. Kvar gong eg skal utrykke noko viktig så må eg si det på halling.

Camilla har også henta fram gamle hallingord og uttrykk, noko songen Attergløyme er eit eksempel på.

Attergløyme kva er det?

Det er ei som ikkje vart gift. Ordet betyr å være gløymt att eller peppermø. Attergløyme er eit ord som er både sårt og støytande. Slik sett er det skummelt å bruke det fordi ordet vart brukt om kvinner som samfunnet såg på som mislukka fordi dei ikkje hadde greidd å få seg mann og barn.

Ønsker å berøre den som lyttar

Tekstane til Camilla er fulle av stemningar og følelsar. Med ei stemme som er varm og nær, og med tekstar som handlar om livet og kvardagen. Formidla med varhet og varme. Den som lyttar merkar at ho har ein budskap, og vil deg noko. Fengande melodiar med fine melodiliner framført på norsk gjer at alle forstår det eg syng. Eg vil ikkje berre vera ei syngedame, men berøre den som høyrer, seier Camilla. Men du lagar ikkje bedehussongar?

På mange måtar er det eit bevist val, men det vart også berre slik. Eg vil laga songar uavhengig av forventningane nokon kanskje har til meg. Eg er kristen, men har ikkje behov for å vera ein kristen artist.

Tekstane blir inspirert av ting eg opplever eller høyrer. Så prøver eg å formidla eit ærleg liv. Utan å vera støytande. Ofte begynner



MOTELL - KAFETERIA - 3550 GOL

Med den gode stemningen!



eg ein ny tekst med ein setning, og så fyller eg ut. Når melodien skal lagas finussar eg og justerer teksten etter denne.

Bedehusjente

Camilla vaks meir eller mindre opp på Gol bedehus. Ho var med i ungdomsforeininga Nikodemus og i Gol Maxi/ Mini gospel som ho seinare også dirigerte ei periode. Så å spele på heimebane er ekstra spennande. Spørsmåla er mange før konserten; *Kva forventar folk, kor mange kjem i kveld, synes dei musikken min er bra? Eg kjenner det godt i magen no rett før konserten.*

Eit bra band

Du har med deg eit dyktig band?

Ja, dei har mykje av æra for Camilla Lou. Bandet vart til då eg studerte på høgskulen i Staffelsgate i Oslo. Det starta med at eg hadde laga ein sangtekst som eg ville framføra på elevkonsert. Eg spurte ein om å spela til. Opptreden gjekk greit og etterpå kom ein som spelar piano bort og ville gjerne vera med. Etter kvart vart me eit heilt band. Bandet kjem med innspel til musikken og hjelper meg med arrangementa.

Bandet består av Christian Bjotveit Fonneland (el gitar og ak. Gitar), Tobias Flottorp Heltzer (lap-steel, el.gitar og ak. gitar), Sverre Undheim (tangentar), Halvor Bakken Aschim (kontrabass) og Konrad Lunde (trommer). På kveldens konsert er Andreas Stakkeland vikartrommis.

I denne omgang skal Camilla Lou spele to konsertar, men i desember skal ho og bandet til Bergen, Sandnes og Grimstad. Ei av låtane dine heiter: No må du gje deg? Kjem du til å gjera det?

Nei eg håpar at det blir fleire plater etter kvart, smiler Camilla

Fullt hus

Om kveldens konsert seier Camilla: Eg håpar at dei som kjem sit att med ei fin musikalsk oppleving og ein følelse av glede, trøyst og noko positivt å ta med seg vidare.

Og korleis gjekk konserten?

Over 100 møtte fram, og konserten vart ei stor oppleving. Då songen om Eiffeltårnet runda av kvelden kunne eit storfornøgd publikum, og eit lukkeleg band kjenne på at dette vart ei flott musikalsk oppleving.

Blomsterspira

Vi har stort utvalg av planter og snittblomster og vi utfører alt av binderi til alle anledninger.

Du finner oss under SPAR, Gol
908 870 28 - blomsterspira@gmail.com



Blomsterspira



Blomsterspira

Håndfast

AV: HILDE MOE HILLESTAD

*Du hadde vært ute
ei vinternatt før,
sa du.*

*Og visst hadde du det.
Du hadde kjent vintervinden
krydret med iskrystaller
slå som piskeslag
mot trette kinn.
Du hadde klamret deg fast.*

*Noen ganger
i ei grein,
andre ganger
i et halmstrå,
men aldri
i en hånd.*

*Nå er
vinternatta over,
og sønnavinden
stryker deg
ømt over
solbrune kinn.
Den nynner på
lystige viser,
mens du
ligger smilende
på et varmt svaberg
i et øyeblikk av
vakker sorgløshet.*

*Jeg legger meg inntil
og smyer hånden min
umerkelig inn
i din.*

*Der ligger den
trygt og hviler
Klar til dyst
om du skulle
bli utestengt
i vinternatta igjen.*

*Kyrkjebladet ynskjer alle ei
god jul og eit godt nytt år!*



Babysang på Gol

TEKST OG FOTO: LUDVIG MUNKEJORD

Ute er det ein kald torsdag føremiddag i november. Inne er det varmt og godt og triveleg. Me er på besøk i lokala til Frelsesarmeen hos gjengen på babysang. På eit lunt teppe på golvet er dei minste samla i ein ring. Foreldra held dei i aktivitet. Dei syng og dansar, leikar og gyngar, og brukar rim og regler, gamle og nye barnesongar og songleikar. Me møter smil og nyfikenheit, tryggleik og glede. Her er det godt å vere både for små og store.



Etter aktiviteten er det felles lunsj. Slik blir det og ein fin sosial møtestad for foreldre som er i same småbarnssituasjon. Babysang er eit fellestiltak mellom kyrkja og Frelsesarmeen.

Er dette noko du kunne ynskje å vite meir om, så kontakt Marta Maria Espeseth, Tlf. 48119763, eller på e-post: marta.maria.espeseth@frelsesarmeen.no



Trusopplæring i Gol og Hemsedal våren 2020

Her er ei oversikt over trusopplæringstiltak våren 2020. Det blir sendt ut nærmare invitasjon, men merk dykk aktivitetane allereie no!

Gol og Herad



Aldersgr.	Tid	Aktivitet
6-åringar	Sønd. 8. mars kl. 11.00	(snart) Førsteklasses - alle 6-åringar er velkomne! Gudsteneste i Gol kyrkje med utdeling av bok og diplom. I forkant blir det to kveldssamlingar, ei i Gol og ei i Herad kyrkje.
	Tysd. 11. mars kl 18.00	Kirkerottene - teater i Gol kyrkje, 6-åringane er spesielt inviterte.
1. klasse	Ein ettermiddag sist i april/først i mai	Den gode hyrde og gardsbesøk i sauefjøsset
3. klasse	Laur. 6. – sønd. 7. juni	Tårnagenthelg i Herad kyrkje Oppdrag i kyrkja laurdag ettermiddag og søndag føremiddag med gudsteneste kl 11.
6. klasse	4 onsdagar i mars/april kl 13.20 – 14.25	Kode B For den som vil vite meir om BIBELEN
7. klasse	Ein ettermiddag/kveld i juni	Trusopplæring i naturen med tur

Første-
klasses



I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysong** på Frelsesarmeen, **Gullrekka** for 4 – 13 år på Bedehuset og **Amadeus**, ope hus for ungdom frå 8. trinn og oppover, på Bedehuset ein gong i måneden. **Gol maxi-mini**, kor for born 4 – 11 år, på bedehuset annakvar måndag.

Aldersgr.	Tid	Aktivitet
6-åringar	Sønd. 26. januar kl. 11.00	(snart) Førsteklasses - alle 6-åringar er velkomne! Gudsteneste i Hemsedal kyrkje med utdeling av bok og diplom. I forkant blir det to kveldssamlingar.
1. klasse	Ein ettermiddag sist i april/først i mai	Den gode hyrde og gardsbesøk i sauefjøsset
6.-7. klasse	4 onsdagar i mars/april kl. 13.30 - 15.00	Kode B For den som vil vite meir om BIBELEN

Hemsedal



Første-
klasses



I tillegg ønskjer vi velkomen til **Babysang** på Kyrkjestugo annakvar onsdag kl 10-12, **Sundagsskulen** for alle frå 4 år på Kyrkjestugo, **S-klubben** frå 5 år på Kyrkjestugo annakvar onsdag, KRIK for 5.-8. klasse i Trøymshallen ca to fredagar i måneden, **Hemsedal Soul Children** for 5.-10. klasse annakvar onsdag på Kyrkjestugo, **KULH** på bedehuset laurdagskveldane frå 8. klasse og **Søndag for alle** tilpassa alle aldrar på Kyrkjestugo fyrste sundagen i måneden.

Velkommen!

Britt Marie Haraldset Hafsås Kyrkjelydspeagog i Gol og Hemsedal
951 22 136 / britt-marie.haraldset-hafsas@gol.kommune.no

Gol og Herad Sokneråd 2019-2023



Fr. v.: Sigurd Sato, Ole Dag Møllerplass, Jorunn Viljugrein Stake (nestleiar), Olveig Synnøve Engene, Inger Lagmannsgård, Hilde Midtgård, Heidi Bråten, Marita Embre Stigen, Evi Anita Torp og Gunn Astrid Frøysok (leiar).
Ikkje tilstade på bildet: Wenche Dahl-Michelsen Fløysand, Ole Roar Hagen og Bjørg Møllerplass.

FOTO: LUDVIG MUNKEJORD

Hemsedal Sokneråd 2019-2023



Fr. v.: Synnøve Vågen Venås, Monika Bakko, Hilde Bakke Jensen, Håvard Venås (leiar), Irene Markegård (nestleiar), Oddmund Jordheim, Leif Erik Haug, Sokneprest Ruth Kari Sørumshagen.
Ikkje med på bildet: Kristin Mythe Eitrheim (vara), Margit Løken (vara), Øyvind Gjærde (vara), Ole Embrikgård (vara)

FOTO: KJETIL TH. STOREBRÅTEN

Okhaldhunga med sjukehuset midt på bildet
Foto: Erik Böhler

Reisetankar frå Nepal

TEKST OG FOTO: SEBJØRG MARIE JORDHEIM

I oktober var Aslak og eg på tur til Nepal. Landet baud på mange flotte naturopplevingar med blant anna soloppgangstid over Mount Everest. Og sterke møte med mat, vegar, trafikkultur, møte med menneske og spennande kultur.

Me var så heldige og få besøke sjukehuset i Okhaldhunga som kyrkja og Normisjon i Hemsedal støtter. Det var kjekt å sjå at pengar frå Norge kjem fram, og blir brukt til menneske sitt beste. Ved sjukehuset arbeider 95 frå Nepal og Kristin og Erik Böhler frå Norge. Der har dei lagt ned ein uvurderleg innsats gjennom mange år.

Nokre av sjukehusbygningane var nybygde etter det store jordskjelvet i 2015. Sjukehuset dekkjer eit område med 250 000 menneske, men det kjem også mange frå område lenger unna. På barneavdeling såg me ungar med til dømes brannskader og beinbrot.



Me hadde med ballongar til alle sjukehusbarna frå ungane på S-klubben. Ein ballong i Nepal skapte mykje glede!

Det blir født omlag 1300 barn i året på sjukehuset. I ei av dei heimesneke kvæsene låg ei månads gamal jente som vog 935 gram. Spennande dagar for foreldra og personalet. Etter at me kom heim, hadde dei feira med kake at vekta hadde passert kiloen. Me fekk helse på fleire nybakte foreldre og ungane deira, der i blant ein time gamle tvillingar. Alle får heimestrikka ullteppe, luer og sokkar frå glade gjevarar i Norge.

Mødrenteheimen imponerte oss. Det seier seg sjølv at dersom du må du gå to dagsmarsjar eller køyre 10 timar på elendige vegar for å nå næraste sjukehus når du skal føde, så er det trygt å ha ein stad og vente dei siste 2-3 vekene før termin. I dette huset er nærare 500 damer innom kortare eller lengre tid kvart år. Dei må ha med seg pårørande som blant anna lagar maten dei treng. Tilbodet og råvarene til matlaginga er gratis. På kjøkkenet er dei sjølvforsynte med gass frå biogassanlegget. Som dei spøkefullt sa: "Her koker dei te på morkaker." Me fekk sterke møte med vordande mødrer. Ei venta tvillingar, men den eine av dei hadde døydd. Ei annan hadde vore gravid 3 gonger tidlegare, men mista alle. Den med dei mest sorgfulle augo hadde med seg eit lite barn og ein alkoholisert mann som gjerne ville bli turrlagt medan dei venta på fødselen. Personalet arbeider med avrusing og støttesamtaler innan psykisk helse.



Me hadde fylt opp koffertane med plagg frå strikkeglade hemsedalsdamer. Og takknemlegheit og glede treng ikkje språk!

For at ikkje jenter skal forskjellsbehandlast, er det gratis sjukehusopphald for alle barn under 12 kg. Alle andre pasientar må i utgangspunktet betala for sjukehusopphaldet. I Nepal som er Asia sitt nest fattigaste land, klarer ikkje alle det. Dersom pasientane berre kan betale deler eller ingenting, kan dei søkje sosialkontoret på sjukehusområdet, om hjelp. Der spør dei ikkje etter inntekt, men om pasienten eig nokre dyr eller kor mange månadar dei har mat til å brødfø familien. Pengane som trengst til dette, kjem blant anna frå glade gjevarar i Hemsedal.

Pårørende på sjukehuset søv på ein trebenk, som på dagtid står lagra in- nunder pasientsenga. Dei har ansvar for å gje mat og alminneleg stell. På sjukehusområdet var det også hus for tuberkulosepasientar, sjukepleiarskule, oksygenproduksjon, røntgen, "blodbank", poliklinikk, akuttinntak, operasjonstover og reinseanlegg. Sjukehuset i Okhald- hunga hadde det einaste kjeldesorter- ingssystem me såg i Nepal. No er dei i oppstartinga av eit prosjekt for psykisk utviklingshemma i distriktet rundt sjuke- huset.

Attesten som sjukehuset fekk frå pasientar var at her vart alle behandla likt uavhen- gig av kaste eller status.



Den med dei mest sorgfulle augo hadde med seg eit lite barn og ein alkoholisert mann som gjerne ville bli turrlagt medan dei venta på fødselen.

Møte med barn og unge som er i sorg

En av de vondeste opplevelsene vi møter i livet, er å miste et menneske som har stått oss nær. En viktig relasjon er borte. Det tar tid og krefter for å bearbeide sorgen, og det kan være godt å få støtte underveis i prosessen.

Noen opplever dødsfall av en forelder som barn. Jeg har vært opptatt av disse barna. Fort viste det seg at jeg ikke var alene om det. Kreftkontakten var der. Helsepsykeleieren var der. Psykisk Helse var der. Mange var opptatte av barn og ungdom som de fulgte opp, og hadde et ønske om å starte en sorggruppe. Det startet akkurat slik. Vi visste ikke hvordan vi skulle gå frem, men hoppet rett ut i det. Vi fikk med oss ti modige barn og ungdommer på den spennende reisen.

Vår reise så langt hadde ikke blitt den samme uten diakonen Ole Hafell. Han er min diakonkollega som arbeider kun med barn og ungdommers sorg i Vestfold. Med 12 års erfaring i sorgstøttegruppe, delte han raust kunnskap og råd med oss. Han kom oppover dalen 19. november og var med på vår tredje samling med barna. Dagen etter holdt han et kurs som var åpent for alle som arbeider med barn og unge i Hallingdal. Gjennom sorggruppe kan vi formidle og hjelpe barna til å finne god balanse mellom positive og negative følelser. Det handler om å gi plass både til glede og sorg i hverdagen. For både det som gjør deg glad og trist, er en del av mestring, understrekte Ole.



Alle barna har fått hvert sitt lys som vi tenner i starten av samlingen. Foto: Tove Moen


TEKST: **MARTHA FRØYLAND BLEIKTVEDT**

Da jeg sendte ut invitasjon til kurset, fant jeg ut at det var enda flere som var opptatte av temaet. Det var godt å vite at jeg ikke var alene. Det faglige fellesskapet gir meg styrke og trygghet. For barna og ungdommer i sorg, er nok behovet for fellesskap enda større. Tenk hvor ensomt det kan føles når man sitter i et klasserom hvor alle andre i rommet har både en mor og en far? Ole sa at det er mulig å skape et vi gjennom en sorggruppe, noe som er så viktig. Det gjør ting litt lettere å takle når man vet at vi ikke er alene om det.

«Det er bedre å være to enn én. ... Om én blir overvunnet, kan to holde stand.»
Forkynneren 4



Ole Hafell holder kurs på Gol bedehus.
Foto: Martha Frøyland Bleiktvedt



Uteaktiviteter for å få opp pulsen under den tredje samlingen med barna. Foto: Tove Moen

KUNNGJERINGAR

DØYPTE

Gol kyrkje

10.11.19 Leah Haga Hollevik
(døpt i Ål kyrkje)

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen - Vakt tlf. 480 234 77
www.golbb.no

HEMSEDAL GRAVFERDSBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen
Tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ AS

Steinar Aa - Vakt tlf: 32 08 23 00
www.hallingdalgravferd.no

DØDE

Herad kyrkje

08.11.19 Wenke Karin Christophersen
f.1961

Gol kyrkje

25.10.19 Konrad Fauske f.1929
05.11.19 Reidun Stake f.1950
06.11.19 Dagny Rustberggard f.1967

Hemsedal Kyrkje

04.11.19 Gunhild Brandvoll Olsen
f. 1933

Baby- og småbarnssang

Oppstart torsdag 30. januar kl 10.00,
deretter 10 torsdagar.

På Frelsesarmeen i Gymnasvegen 3 på Gol
Sang, dans, lek i tilpassa grupper – for
babyar og litt større småbarn

Felles lunsj - Påmelding til
Marta Maria Espeseth, tlf. 481 19 763

Pris 380 kr for semesteret
(ti samlingar og lunsj)



Velkomen til kyrkjeteater!

Kirkerottene og Viggo i tårnet

Gol kyrkje - onsdag 11. mars kl 18.

Enkeltbillett 100,-

Familiebillett (maks 5 pers) 300,-

Billetsalg ved inngangen

Dørene opnar 17.40



www.kirkerottene.no

GULLREKKA

Fredag 24. januar startar Gullrekka opp
att etter jul! Barn i alle aldre, med og
uten foreldre, er velkommen
til spennende aktiviteter
på Gol bedehus:

Kl.16.30: Taco (60/40 kr)

Kl.17.30: Felles samling

Kl.17.45-19.30: Aktiviteter
for barn opp til 13 år i
aldersdelte grupper

24. jan
14. feb
6. mars
8. mars*
24. april
5. juni

*8. mars deltek vi på gudsteneste i Gol kyrkje

Acta – Normisjonen, Søndagsskolen Sprell
Levende og Den Norske Kyrkje – Gol og Herad

Torsdagstreffs juleforestilling

"Skinnavotten"

Torsdag 19. desember
kl. 18 på Helselagsstugu

Etter suksessen fra i fjor, skal barna på
Torsdagstreffet igjen ha på seg kostymer!
Billetter: kr.20- (voksen), kr.10- (barn) –
prisen inkluderer risgrøt, saft og lussekatter

NB: Øvingen er allerede i gang, men vi er
såpass åpne og fleksible at vi kan ta imot flere
skuespillere på sparke! Møt opp som du er om
du har lyst til å være med!



Onsdagar på
Kyrkjestugu i
Hemsedal
kl 10-12

For små babyar og litt større småbarn.
Vi syng og dansar, brukar rim og regler.
Gamle og nye barnesangar og sangleikar.
Etterpå et vi lunsj i lag, og det er tid til å leike.

Datoar for vinter/vår 2020:

15/1, 29/1, 12/2, 19/2, 18/3, 1/4, 22/4, 6/5 og 20/5

Britt Marie Haraldset Hafsås, 951 22 136



Juleverkstad

Velkommen på juleverkstad
for alle, store som små!

Laurdag 7. desember
kl. 14.00 – 16.30 på Kyrkjestugu

Det blir julegävelaging og adventskos.
Serinakaker og adventsamling. Born under
8 år må ha med seg ein vaksen som kan
hjelpe litt. Ta med eit lite syltetøyglass (ca.
størrelse som eit sylteagurkglass) og ein
pose der du kan legge tinga du lagar.

Pris: 70 kr (kontant eller vipps)

Velkommen! Arr: Hemsedal Normisjonen



Adventsstund

med Sangstund i Helsetunvegen
Onsdag 11. desember kl.18

Vi starter kvelden med en gudstjeneste i
Gol kyrkje. Kirkekafe med kake og sang
på bedehuset i etterkant, ca. kl.19

Velkommen!



Kyrkjebladet gratulerer sokneprest
Camilla Osnes og Marius Ulland hjerteligst
med vesle Sevat som ble født 1. november!

NESTE KYRKJEBLAD

Nr. 1/2020 kjem ut i uke 8
Stoff sender ein til: oaalrust@online.no
innan 23. januar

VELKOMEN TIL KYRKJE!

24. desember – julaften

HELSETUNET KL.11.00
Juleandakt. Frøyland Bleiktvedt.

HERAD KYRKJE KL.14.30
Juleaftengudsteneste. Jensen.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp.

GOL KYRKJE KL.16.00
Juleaftengudsteneste. Jensen.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp.

BYGDEHEIMEN KL.12.00
Juleandakt. Sørumshagen.

HEMSEDAL KYRKJE KL.13.30
Juleaftengudsteneste. Sørumshagen.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp.

HEMSEDAL KYRKJE KL.14.45
Juleaftengudsteneste. Sørumshagen.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp.

HEMSEDAL KYRKJE KL.16.00
Juleaftengudsteneste. Sørumshagen.
Takkoffer: Kirkens nødhjelp.
LYKKJA KAPELL KL.14.30

Juleaftengudsteneste. Nydal.
Takkoffer: Lykkja kapell.

LYKKJA KAPELL KL.16.00
Juleaftengudsteneste. Nydal.
Takkoffer: Lykkja kapell.

25. desember – 1. juledag

GOL KYRKJE KL.12.00
Høgtidsgudsteneste. Nattverd.
Jensen. Takkoffer: Norsk Luthersk
Misjonssamband. (NLM)

26. desember – 2. juledag

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Høgtidsgudsteneste. Nattverd.
Sørumshagen.
Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap.
(NMS).

31. desember – nyttårsaften

GOL KYRKJE KL.16.00
Aftensang. Nattverd. Jensen.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

HEMSEDAL KYRKJE KL.23.00
Midnattsmesse. Sørumshagen.
Takkoffer: Stefanusalliansen.

5. januar – Kristi openbaringsdag

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd.
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet.

12. jan – 2. søndag i openbaringstida

GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd.
Takkoffer: Institutt for sjelesorg
Modum bad.

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd.
Takkoffer: Den Norske Israelsmisjon.

19. jan – 3. søndag i openbaringstida

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste.
Takkoffer: Sjømannskirken - norsk kirke
i utlandet.

26. jan – 4. søndag i openbaringstida

GOL KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste. Takkoffer: Kirkens SOS

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd. Sørumshagen.
Hafsås.
Gudsteneste. 6-åringane deltek.
Takkoffer: IKO (Institutt for kristen
oppsetting).

2. feb – 5. søndag i openbaringstida

HERAD KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste. Nattverd. Innsetting av den
nye soknepresten Arnstein Bleiktvedt.
Bleiktvedt. Hansen.
Takkoffer: Diakoniarbeidet i kyrkjelyden.
Kyrkjekaffe.

KYRKJESTUGU I HEMSEDAL
KL 16.00/17.00
Søndag for alle

16. februar – Kristi forklarelsesdag

HERAD KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd.
Takkoffer: MF vitenskapelig høyskole for
teologi, religion og samfunn.

HEMSEDAL KYRKJE KL 11.00
Gudsteneste. Nattverd.
Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

23. februar – Fastelavnssøndag

GOL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Nattverd.
Takkoffer: Kyrkjebladet.

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste. Takkoffer: Bibelselskapet.

Adventskonsert i Gol Kyrkje

Søndag 8. desember kl.19.00

blir det adventskonsert i Gol kyrkje med
sang og musikk fra bygdas musikalske
krefter (Stjernen, Kråkesølv, Tapas, Skaga-
koret, Gol Janitsjar og korps, solister osv.).

Det blir også fellessang og kort andakt.
Hovedverket er "Folkefrelsar" - en kantate,
skrevet av kantor Justin Vickery over
den kjente adventssalmen
"Folkefrelsar til oss kom"

*Hjertelig velkommen
alle sammen.*

v:pps

Kyrkje
bladet



552440

Vipps nummer

Gol
Kyrkje



517300

Vipps nummer

Herad
Kyrkje



517065

Vipps nummer

Hemsedal
Kyrkje



105608

Vipps nummer

Lykkja
Kapellet



542742

Vipps nummer



Julekaketips

TEKST OG FOTO: KRISTINE VIKO

Pynt pepperkaker på en morsom måte. Det er ingen jul uten pepperkaker. I år kan du prøve å pynte pepperkakene på en litt annen måte enn et du gjør til vanlig. Prøv å pynte dem som reinsdyr! Du trenger bare nonstop og smeltet sjokolade.

Biscotti

Biscotti er italienske mandelkjes, som blir bakt to ganger. De er harde og knasende, og de har også lang holdbarhet. Tradisjonelt sett blir disse kjeksene dyppet i vin, men de passer perfekt til både te og kaffe. Du kan lage mange ulike varianter av biscotti. I variasjonen som vises her, er mandler og revet sitronskall byttet ut med pistasjnøtter og kakaopulver.

Du kan også variere med for eksempel tranebær, hasselnøtter, sjokoladebiter, kardemomme eller appelsinskall.

Du trenger:

- 100 g grovhakkede mandler
- ½ sitron, revet skall
- 2 egg
- 120 g sukker
- 200 g hvitemel
- 1 ts vaniljesukker
- 1 ts bakepulver
- 1 krm salt

Slik gjør du:

1. Sett ovnen på 200° og grovhakk mandlene. Pisk egg og sukker til eggedosis. Bland deretter inn revet sitronskall.
2. Tilsett de tørre ingrediensene og nøttene. Tilsett bare litt om gangen og rør godt om.
3. Ta deigen over på et stekebrett med bakepapir, og form deigen til en litt flat pølse på ca. 5x25 cm. Stek deigen midt i ovnen i 17-20 minutter.
4. Avkjøl deretter pølsen på rist, senk ovnstemperaturen til 150°, og skjær pølsen opp i ca. 1,5 cm tykke skiver.
5. Legg skivene på et stekebrettet og tørk dem i ovnen i minst 30 min. Avkjøl kjeksene og oppbevar tørt i en boks, slik at de holder lenge.



bruse
ditt fiberselskap

VI LEVERER **altibox**